
Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: mandag 7. desember 2020 15:35
Til: Elektro-Miljø AS
Emne: Setja istand molo og kaifront/restaurering av denne på gbnr. 142/115, 142/116 og gbnr. 142/11 og gbnr. 142/40
Vedlegg: Scan.pdf; Dispensasjon til mindre flytebrygge på gbnr. 142115 - Sætre (190549).docx

Til Trond Sætre

Austrheim kommune viser til synfaring den 07.12.2020 i strandsona på Sætre med deg og din bror Roy Helge Sætre. Dette arbeidet som skal gjerast her heng saman med tiltak flytebryggje. Det er farleg å gå her i dag, lause steinar kan skada folk og utstyr.

Konklusjon frå synfaringa:

De kan gjennomføra restaureringsarbeid på moloen med fine steinmurar på kvar side av denne og avrunda langs strandona med ein låg gråsteinmur innafor austre kvite tau/line mot sør. Eg viser til vedlagt bilde/skisse frå deg. Dette som skal gjerast av dykk her er eit ikkje søknadspliktig arbeid, og det må gjerast for at området kan verta trygt og føta seg på/funksjonelt. Ålmenta har tilgong til denne strandsona som elles i kommunen vår. Det må ikkje sprengast eller gravast i urørte massar bak denne steinfyllinga. Det kan leggast grus/pukk oppå denne kaien.



Delvis utsprengt strandområde frå 1980-talet

Det er viktig at arbeidet vert fint og harmonisk, og at istandsettingsarbeidet av molo med murar langs strandsona vert trygge og gode å gå på som tilkomst til flytebryggje. Den vart det gjeve løyve til hausten 2020. Vedtaket i formannskapet **095/20 - 20.08.2020** var:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til omsøkt flytebryggje:

1. *Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.*
2. *Flytebryggja vert skilta med minst ein båtplass som gjestebrygge for ålmenta.*
3. *Fortøyningsblåsene i område tilhørende søkerane må fjernast.*

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Det er eit vilkår at grunneigarane i området er samde i restaureringa av dette området. Dette er privatrettsleg.

Lykke til med tiltaket!

Med venleg helsing

*Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar
(56162141)*

Fra: Elektro-Miljø AS <post@elektro-miljo.no>
Sendt: mandag 30. november 2020 10:49
Til: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>
Emne: pynte på mindre flytebrygge

Hei ! ☺

Sender over vedlegg som viser hvordan vi ønsker å pynte på det(har trukket linjen inn 1,5 m)
Vil du legge det inn i saken vår .

Ønsker samtidig , hvis det lar seg gjøre , en befaring på stedet.

Vil du ringe meg.

Mvh

Trond Sætre
Myravegen 55

Tlf 934 63 477